


NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest
DATO: 06.12.2017
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye
SAKA GJELD: **AD orientering punkt 3**
STYRESAK: **052/17**
STYREMØTE: **13.12.2017**

Samarbeidsavtale mellom SAV og sjukehusføretaka,

Arbeidet med ny samarbeidsavtale mellom SAV og Sjukehusføretaka ble starta våren 2017 og er planlagt avslutta til nyttår med sak i regionalt AD-møte på nyåret. Før dette legg ein til grunn at SAV og sjukehusføretaka har handsama avtalen i respektive leiarmøter.



Sjukehusføretaka har vore representert i regionala arbeidsgruppe som har hatt tre møter (juni, august og november). Siste versjon av avtalen var gått gjennomgått i møtet den 29. november. Det er ingen usemje om teksten i avtalen. Siste korreksjonar er detaljar og språklege endringar.

Det er gjennomført føretaksvisse møter med kvart av sjukehusføretaka i perioden 30. oktober til 27. november. Tema i møta var informasjon om prosessen, prinsippa i avtalen, samt moglegheit for å stille spørsmål. Årshjul for dialog og samarbeid var sentrale tema i møta i tillegg til form og detaljeringsnivå på leveransebeskrivelsane. Arbeid som står att er mindre korrigeringar i avtaleteksten, avklare årshjulet og detaljer om «løpande dialog og rapportering» med kvart føretak samt oppdatere prismodellar og leveransebeskrivelsar.

Kort om avtalen

Avtale er lik for alle føretaka, dvs. regional mal. Føretaksspesifikke forhold kjem fram av vedlegg til avtala. Tenestekatalogen i SAV viser kva tenester som SAV kan tilby og er teken inn som vedlegg til avtalen. Avtalen har følgjande vedlegg:

- 1) Årshjul for samhandling
- 2) Tenestekatalog
- 3) Leveransebeskrivelsar (føretaksspesifikke, omfang av kva som leverast av tenester)
- 4) Prismodellar
- 5) Reklamasjons og returvilkår
- 6) Kvalitetsavtale ved transport

Det vert laga ein avtale for LAR-tenester som vedlegg for dei føretaka der dette er aktuelt.